

Møtebok – Lom fjellstyre

TITTELBLAD MØTEBOK FOR LOM FJELLSTYRE

Møtedato: 28.juni 2021

Møtestad: Norsk Fjellsenter

Desse var til stades på møtet:

Faste medlemer: Erik Frisvold, Svanhild Lyngved Solheim, Ellen Olsveen, Oluf Kvålshagen, Frikk Kolden.
Varamedlemer: Bjørnar Brustuen, Hanne Synnøve Rusten
Andre: sekretær/ dagleg leiar Åsmund Galde
Møtet vara frå kl.19.00 til kl. 22.00

Saker som vart behandla:

Sak nr./år: 29/2021 – 34/2021

Underskrifter:

Vi stadfestar med vår underskrift at det som er ført i sakene 29/2021 – 34/2021 er det som vart vedteke.

Utskrifter:

Hovudutskrift av protokoll går til:

- ✓ Fjellstyremedlemene
- ✓ Lagt ut på Lom fjellstyre si heimeside www.lom-fjellstyre.no

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	30/2021	Arkiv nr.:	316.2	Møtedato:	28.06.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Generelle reglar og retningslinjer for gjerde rundt fritidshytter.

Sakspapir:

- Sak 7/2020 i Lom Fjellstyre
- Sak 21/2020 i Lom Fjellstyre
- E- post 2. september 2020 frå Statskog SF.
- E-post 25. juli 2020 frå Bøvertjønningen hytteforening
- E-post 15. juni 2021 frå Statskog SF. Forslag til avtale.

Saksutgreiing:

Fjellstyret handsama i sak 21/2020 spørsmålet om generelle reglar og retningslinjer for gjerde rundt fritidshytter, campingvogner, bilar m.m. i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning og fatta vedtak om å legge forslag til generelle reglar ut til offentleg gjennomsyn.

Det kom inn merknader frå Statskog SF og frå Bøvertjønningen hytteforening. Statskog SF la i si uttale fram eit utkast til avtale for gjerde rundt fritidshytter Visdalen, Vårdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenninger. Etter behandling i sak 21/2021 fatta fjellstyret slik samrøystes vedtak:

«Fjellstyret tek brev- og forslag til avtale frå Statskog SF til orientering og kan gå med på forslaget med desse endringane:

Fyrste setning blir endra til: «Etter søknad kan Statskog i samråd med fjellstyret gi grunneiers tillatelse til inngjerding av fritidshytter i Visdalen, Vårdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning, på følgende vilkår:»

Punkt 1 blir endra til: «1. Tillatelse til å gjerde inntil 50 løpemeteter kan bli gitt i områder med ulemper knytt til beitedyr.»

Avtale med endringar blir sendt Statskog SF for godkjenning.»

I e-post 15. juni seier Statskog SF at dei godtek fjellstyret sine innspel og at dei sjølve ynskjer ei tilføyning i punkt 2: «Gjerdet skal være festet i bygg på festetomta i minst en ende.» Vedlagt ligg avtale til undertekning med fylgjande ordlyd:

Etter søknad kan Statskog i samråd med fjellstyre gi grunneiers tillatelse til inngjerding av fritidshytter i Visdalen, Vårdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning, på følgende vilkår:

1. Tillatelse til å gjerde inntil 50 løpemeteter kan bli gitt i områder med ulempe knytt til beitedyr. Det kan gjerdes inn til 50 løpemeteter.

Møtebok – Lom fjellstyre

2. Gjerdet skal være festet i bygg på festetomta i minst en ende. Rekkverk på terrasse/veranda som er godkjent etter plan og bygningsloven regnes ikke med i antall meter gjerde.
3. Det er tillatt å bruke gjerde av treverk, dvs. skigard, stakitt eller lignende. Trådgjerde av enhver art er forbudt ut fra dyrevernhensyn.
4. Maksimal lysåpning mellom bord på stakittgjerde/skigard er 7 cm. Gjerde kan være inntil 100 cm. høyt.
5. Søknaden skal inneholde navn på fester, festenummer, målsatt skisse som viser bebyggelsen og hvor gjerdet er tenkt satt, videre en begrunnelse for hvorfor arealet ønskes inngjerdet.
6. Det skal sikres fri ferdsel for dyr og folk etter faste råk.
7. Gjerder som ikke er satt opp i henhold til disse regler vil bli krevd fjernet på festers bekostning. Dette gjelder også allerede oppsatte gjerder som ikke er godkjent av Statskog.
8. Oppsetting av gjerder rundt fritidshytter i verneområder forutsetter godkjenning fra vernemyndigheten.
9. Statskog kan kreve godkjent oppsatt gjerde fjernet dersom det ikke lenger er behov eller andre forhold gjør dette nødvendig for grunneier.

Opplysninger og merknader:

I utkast til kommuneplanen sin arealdel som var oppe til behandling i formannskapet i juni, og troleig blir utlagt til høyring i løpet av sommaren, ligg det inne forslag om at det blir opna for gjerde på fritidseigedommar med intill 50 løpometer og stilt krav om at gjerdet skal festast til husvegg i to endar. I tilfeller der kommunale planføresegner ikkje samsvarar med føringar frå grunneigar, er det det strengaste kravet som blir gjeldande. I praksis vil det da bli krav om at gjerdet er festa i to endar.

Avtala opnar for at fjellstyret si uttale til søknader kan gjerast administrativ. Det bør difor vurderast om uttaler i kurante saker som som er i tråd med føresegnene i avtala kan delegerast til administrasjonen.

Det blir elles synt til saksutgreiing, uttaler og vurderingar i sak 7 /2020, 21/2020 og 21/2021.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret godtek avtala slik som føreslege frå Statskog SF.

Administrasjonen får fullmakt til å gje fjellstyret si uttale til søknader som er i tråd med vilkåra i avtala.

Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Bøvertjønningen hytteforening – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	31/2021	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	28.06.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Vårdalen statsallmenning. Søknad frå setereigarar om oppføring og plassering av felles gjødselkumme.

Sakspapir:

- E-post 8. juni frå Torstein Frisvold m. fl. Søknad om oppføring av Gjødselkum.
- E-post 24. juni frå Statskog SF. Uttale til søknad om gjødsellager.

Saksutgreiing:

Med e-post 8. juni har Torstein Frisvold på vegne av seg sjølv, Svanhild Lyngved, Geir Ole Lyngved, Vegard Haugen og Sylfest Ødegård søkt om å få sette opp ein felles Gjødselkumme på Nordseter.

Av søknaden går det fram at alle saman driv med mjølkeproduksjon, har ein vesentleg del av arealgrunnlaget sitt på Nordseter og at dei har behov for å nytte meir husdyrgjødsel på denne jorda. Eit disponibelt mellomlager vil gjera det lettare å få brukt gjødsel når det er ynskjeleg, om våren før veksten tek til og ved fornying av eng.

Kummen er tenkt plassert i det avslutta grustaket ved Osvegen mellom setrene og parsellane med tilleggsjord som ligg ned mot Tesse. Det er lagt ved kart og foto som syner plasseringa. Kummen er 20m i diameter og 3 meter høg. Den er tenkt plassert slik at ein får direkte tilkomst frå bakkenivå på oversida, og egna høgde for tapping i nedkant. Det er naudsynt med sikringsgjerde.

Fjellstyret var i saman med Statskog SF og kommunen på synfaring her den 21. juni i 2021. Same plassering vart foreslege og vurdert under ei fellessynfaring i 2018, i samband med spørsmål om plassering av gjødselkum inne på dyrkingsparsellen til Frisvollmoen.

Statskog SF har med e-post 24. juni kome med fylgjande uttale:

«Etter Statskogs mening vil det å etablere et gjødsellager framstå som rasjonelt i forhold til transport og praktiske forhold, og det vil uten tvil være en fordel for drifta. Etter befaring av området framstår plasseringen som godt egnet. Området er ikke lenger godkjent som grustak, og gropa som er dannet etter masseuttak vil fungere som skjerming for innsyn til gjødsellageret. Plasseringen er også svært sentral i forhold til spredeareal. Statskog har på denne bakgrunn ingen innvendinger mot tiltaket. Det forutsettes at tilfredsstillende sikring etableres og innretninger vedlikeholdes. Det bør etableres gode vedtekter for bruk av lageret.»

Opplysningar og merknader:

Fjellstyret kan gi jordbrukar som har fått utvist seter eller tilleggsjord rett til areal til gjødselkum om drifta krev det, jf. § 25 i seterforskrifta.

Nordseter er antakeleg den seterstulen i Lom som har høgast aktivitet. Det er over 600 mål med oppdyrka tilleggsjord og fleire setrer som er i bruk. Dette er areal som utgjer

Møtebok – Lom fjellstyre

ein vesentleg del av driftsgrunnlaget til brukarar med bruksrett i Vårdalen statsallmenning.

Ein felles gjødselkum for brukarane av desse areala vil være formålstenleg for drifta av jorda og aktiviteten i seterområdet. Husdyrgjødsel kan fraktast opp med lastebil og lagrast til det er behov og anledning til å bruke den. Tiltaket vil kunne reduserte transportkostnader, gje mindre klimautslepp og mindre behov for kunstgjødsel.

I tillegg til landbruk er området brukt i samband med reiselivsverksemd. Plassering av gjødselkummen i det nedlagde grustaket i tett tilknytning til dyrkingsfelta gjev god avstand til desse bedriftene, til seterhus og fritidshytter. Plasseringa vil være mindre skjemmaende enn andre aktuelle alternativ og gje gode driftsmessige tilhøve.

Når det gjeld tiltak som kan føre til endringar av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal regionale kulturminnesstyresmakter ha høve til å kome med fråsegn. Saka er oversendt kulturarveininga sjå fylkeskommunen til uttale, og fjellstyret må difor take atterhald om merknader frå desse.

Saka er vurdert etter miljørettsprinsippa i § 8-12 i naturmangfoldslova. Tiltaket er planlagt i eit nedlagt grustak som ligg omkransa av dyrka mark. Tiltaket blir difor vurdert til å ikkje vere til skade eller gje risiko for å være til skade (§8-9) for naturmangfoldet. Fjellstyret set vilkår om at tiltaket blir godkjent av kommunen etter føresegnene i plan- og bygningslov, forurensingslova m.m. og at tiltaket blir oppført etter gjeldande krav og spesifikasjonar.

Saka har vore førehandsvarsla og lagt ut på heimesidene til fjellstyret. Det har ikkje kome inn merknader.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret gjev med heimel i § 25 i seterforskrifta løyve til oppføring av felles gjødselkumme slik det er søkt om.

Fjellstyret meiner at dette er eit fellestiltak som vil gje positive driftsfordelar for dei med bruksrett på Nordseter og plasseringa tek omsyn til andre brukarar av området.

Det blir oppmoda om at det blir laga vedtekter som opnar for å gje plass til nye brukarar, om det i framtida er interesse og kapasitet for det.

Fjellstyret tek atterhald om at det ikkje kjem innvendingar frå regionale kulturminnesstyremakter og at kommunen gjev byggjeløyve.

Vedtak:

Som framlegget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Lom kommune – som e-post
- Torstein Frisvold – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	31/2021	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	28.06.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Vårdalen statsallmenning. Søknad frå setereigerar om oppføring og plassering av felles gjødselkumme.

Sakspapir:

- E-post 8. juni frå Torstein Frisvold m. fl. Søknad om oppføring av Gjødselkum.
- E-post 24. juni frå Statskog SF. Uttale til søknad om gjødsellager.

Saksutgreiing:

Med e-post 8. juni har Torstein Frisvold på vegne av seg sjølv, Svanhild Lyngved, Geir Ole Lyngved, Vegard Haugen og Sylfest Ødegård søkt om å få sette opp ein felles Gjødselkumme på Nordseter.

Av søknaden går det fram at alle saman driv med mjølkeproduksjon, har ein vesentleg del av arealgrunnlaget sitt på Nordseter og at dei har behov for å nytte meir husdyrgjødsel på denne jorda. Eit disponibelt mellomlager vil gjera det lettare å få brukt gjødsel når det er ynskjeleg, om våren før veksten tek til og ved fornying av eng.

Kummen er tenkt plassert i det avslutta grustaket ved Osvegen mellom setrene og parsellane med tilleggsjord som ligg ned mot Tesse. Det er lagt ved kart og foto som syner plasseringa. Kummen er 20m i diameter og 3 meter høg. Den er tenkt plassert slik at ein får direkte tilkomst frå bakkenivå på oversida, og egna høgde for tapping i nedkant. Det er naudsynt med sikringsgjerde.

Fjellstyret var i saman med Statskog SF og kommunen på synfaring her den 21. juni i 2021. Same plassering vart foreslege og vurdert under ei fellessynfaring i 2018, i samband med spørsmål om plassering av gjødselkum inne på dyrkingsparsellen til Frisvollmoen.

Statskog SF har med e-post 24. juni kome med fylgjande uttale:

«Etter Statskogs mening vil det å etablere et gjødsellager framstå som rasjonelt i forhold til transport og praktiske forhold, og det vil uten tvil være en fordel for drifta. Etter befaring av området framstår plasseringen som godt egnet. Området er ikke lenger godkjent som grustak, og gropa som er dannet etter masseuttak vil fungere som skjerming for innsyn til gjødsellageret. Plasseringen er også svært sentral i forhold til spredeareal. Statskog har på denne bakgrunn ingen innvendinger mot tiltaket. Det forutsettes at tilfredsstillende sikring etableres og innretninger vedlikeholdes. Det bør etableres gode vedtekter for bruk av lageret.»

Opplysningar og merknader:

Fjellstyret kan gi jordbrukar som har fått utvist seter eller tilleggsjord rett til areal til gjødselkum om drifta krev det, jf. § 25 i seterforskrifta.

Møtebok – Lom fjellstyre

Nordseter er antakeleg den seterstulen i Lom som har høgast aktivitet. Det er over 600 mål med oppdyrka tilleggsjord og fleire setrer som er i bruk. Dette er areal som utgjer ein vesentleg del av driftsgrunnlaget til brukarar med bruksrett i Vårdalen statsallmenning.

Ein felles gjødselkum for brukarane av desse areala vil være formålstenleg for drifta av jorda og aktiviteten i seterområdet. Husdyrgjødsel kan fraktast opp med lastebil og lagrast til det er behov og anledning til å bruke den. Tiltaket vil kunne reduserte transportkostnader, gje mindre klimautslepp og mindre behov for kunstgjødsel.

I tillegg til landbruk er området brukt i samband med reiselivsverksemd. Plassering av gjødselkummen i det nedlagde grustaket i tett tilknytning til dyrkingsfelta gjev god avstand til desse bedriftene, til seterhus og fritidshytter. Plasseringa vil være mindre skjemmaende enn andre aktuelle alternativ og gje gode driftsmessige tilhøve.

Når det gjeld tiltak som kan føre til endringar av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal regionale kulturminnesstyresmakter ha høve til å kome med fråsegn. Saka er oversendt kulturarveininga sjå fylkeskommunen til uttale, og fjellstyret må difor take atterhald om merknader frå desse.

Saka er vurdert etter miljørettsprinsippa i § 8-12 i naturmangfoldslova. Tiltaket er planlagt i eit nedlagt grustak som ligg omkransa av dyrka mark. Tiltaket blir difor vurdert til å ikkje vere til skade eller gje risiko for å være til skade (§8-9) for naturmangfoldet. Fjellstyret set vilkår om at tiltaket blir godkjent av kommunen etter føresegnene i plan- og bygningslov, forurensingslova m.m. og at tiltaket blir oppført etter gjeldande krav og spesifikasjonar.

Saka har vore førehandsvarsla og lagt ut på heimesidene til fjellstyret. Det har ikkje kome inn merknader.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret gjev med heimel i § 25 i seterforskrifta løyve til oppføring av felles gjødselkumme slik det er søkt om.

Fjellstyret meiner at dette er eit fellestiltak som vil gje positive driftsfordelar for dei med bruksrett på Nordseter og plasseringa tek omsyn til andre brukarar av området.

Det blir oppmoda om at det blir laga vedtekter som opnar for å gje plass til nye brukarar, om det i framtida er interesse og kapasitet for det.

Fjellstyret tek atterhald om at det ikkje kjem innvendingar frå regionale kulturminnesstyremakter og at kommunen gjev byggjeløyve.

Behandling:

Erik Frisvold og Svanhild L. Solheim melde seg inhabile og gjekk ut frå møtet. Bjørnar Brustuen og Hanne Synnøve Rusten trådde inn som pernsonelege varamedlemmar for dei to. Frik Kolden vart vald som leiar i behandlinga av denne saka.

Møtebok – Lom fjellstyre

Vedtak:

Som framlegget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Lom kommune – som e-post
- Torstein Frisvold – som e-post

Sak nr.:	32/2021	Arkiv nr.:	335.3	Møtedato:	28.06.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Uttale. Søknad frå Soleggen beitelag om plassering og inngjerding av saltstein.

Sakspapir:

- E-post sendt 27. august frå Soleggen beitelag. Søknad om plassering og inngjerding av saltstein.
- E-post sendt 17. september frå Synnøve Grjotheim, Øyvind Bakken og Thorleif Mork. Merknader til søknad om saltstein.
- Beitebruksplan for Lom kommune

Saksutgreiing:

Med e-post sendt 27. august 2020 har Soleggen beitelag søkt fjellstyret om godkjenning av plassering av saltsteinautomat med inngjerding i Sålell.

Av søknaden går det fram at det for ein del år sidan vart oppsett ein saltsteinautomat ovafor hyttene i Sålell i retning Skardalen. Etter å ha registrert at det samla seg mykje storfe der, opptil over 60 på ein gong, vart det sett opp ei inngjerding som stengde storfeet ute. Hovudgrunnen til plasseringa er at den er lett å sjå frå nede, særleg med tanke på sankinga. Etter at fjelloppsynet har gjort dei kjende med at dette treng fjellstyret si godkjenning, noko dei ikkje har vist om, søker dei med dette om godkjenning av tiltaket slik det er.

E-post med varsel om det planlagde tiltaket vart sendt til beitebrukarar som har storfe i Sålell den 5. september, med frist 18. september til å kome med merknader. Synnøve Grjotheim, Øyvind Bakken og Thorleif Mork har med e-post 17. september kome med denne merknaden:

«Angående saltstein i sætergrenda i Solhell.

Som det kjem fram i søknaden frå Soleggen Beitelag så var saltsteinen plassert der han er for att det skulle vera lett vint i sauesankinga. Da kan det ikkje vera noko problem og flytta den til "Skjenarvollane", der har ein vel så god oversikt og tilgang med bil.

Slik som situasjonen har vore kvart år, har vi hatt store problem med og kome inn og ut gjennom grindene våre inn på kveane pga store mengder sau.

Møtebok – Lom fjellstyre

Det er også provoserande argument for oss som har sæter, att grunngevinga for plasseringa av saltsteinen er att det skal væra lett vint i sankinga.

Angående dei 60 stk storfea, har vi aldri opplevd dette.

Vi har heller aldri hengt opp eller lagt frå oss saltstein for storfe for og halde desse gåande rundt kveane heile somaren.

Konklusjon: Saltsteinen bør flyttast.»

Saka var sett opp til behandling 21. september 2020. Fjellstyret fatta vedtak om å utsette saka i påvente av synfaring i saman med partane. Det var avhalde synfaring i saman med partane, Statskog SF, kommunen og fjellstyret den 21. juni 2021. Partane held fast ved sine syn, som er framlagt gjennom søknad og uttale.

Opplysninger og merknader:

Fjellstyret blandar seg vanlegvis ikkje opp i utplasseringar av saltsteinar i eit beiteområde, men har behandla sakene i dei tilfella installasjonane eller gjerda er slik at dei ekskluderar andre beitebrukarar i området. Utplassering av faste installasjonar er i utgangspunktet ei grunn disponerings sak etter §12 i fjellova der fjellstyret skal ha høve til å kome med fråsegn, og Statskog SF tek avgjerd. Når det gjeld spørsmål om saltsteinautomatar eller installasjonar knytt til dette, har Statskog sagt at dei støttar seg på fjellstyret sine vurderingar og vedtak, og ikkje ynskjer sakene til behandling.

Av merkna den frå andre beitebrukarar i området går det fram at det ikkje er inngjerdinga, men sjølve plasseringa av saltplassen som er utfordringa for dei. Saltsteinen er plassert 36 meter frå nærmaste hytte og 100 meter frå seter kveene i Solell. (Innmålt av fjelloppsynet og synt på vedlagt kartskisse.) Fjellstyret har tidlegare ikkje sagt noko om, eller teke stilling til plasseringa av saltplassar utan tekniske installasjonar. Dersom ein finn det nødvendig kan det etter §16 i fjellova utformast beite reglar som m.a. kan setje vilkår for beiting med lausfe. I beitebruksplanen for Lom kommune, vedteke i kommunestyret 30. august 2007, er det i punkt 6. om saltingsplassar sagt at: «salting skal skje i god avstand frå vegar og bygningar.»

Sålell er registrert som naturbeitemark med verdisetting «svært viktig» i Naturbasen av Miljødirektoratet. I lokalitetsbeskrivelsen er det m.a. skreve at *«den nordre delen av området (Skarddalen) har best hevd, her er det hardt beitet på utmarksarealene.»* og vidare om skjøtsel at *«det er viktig for å bevare naturverdiene at det opprettholdes et godt beitetrykk som i dag, og at det ikke gjødsles på lokaliteten.»* Registreringa var gjort i 2006, og etter personleg melding frå Tormod Rusten var det utplassert saltstein i same området denne tida og. Plasseringa av saltsteinen kan virke positivt for å oppretthalde beitetrykket i området i si heilheit, medan trakk, erosjon og samling av gjødsel kanskje gjev negative effekter på området lokalt på og ved saltplassen.

Fjellstyret har tidlegare i sak 44/2015 sagt at utlegging av saltsteinar i beiteområda for seterkrøter, ikkje kan skje anna enn i samråd med seterbrukaren/ane når det er tradisjonell seterbruk med mjølkeproduksjon på setra/ene. I dette tilfellet er det ikkje lenger tradisjonell seterdrift i området, men ein del setereigerar brukar seter kveane til beite og held dei i hevd gjennom det. Sålell er kanskje i ei særstilling med fleire frifallne setrar og seter kvevar, der ein del av arealet ikkje lenger er inngjerda og difor har fått status som utmark. Ei av kveene er blant anna utvist til Meadalen utmarks lag som beite-

Møtebok – Lom fjellstyre

og samletråd. Fleire av dei gamle seterhusa er i dag på avgiftsfrie fester eller fritidsfester. Ei utviklinga frå tradisjonell setring til lausfebeiting er kanskje noko som vil kome enda sterkare i tida som kjem, og same problemstillinga kan seinare bli gjeldande andre stader i allmenningene.

At ein saltstein for lausfe blir plassert midt i eit seter- og hytteområde er noko uvanleg. I dei fleste andre beiteområda i allmenningen, som fjelloppsynet er kjent med, er saltsteinane ofte plassert lenger til fjells. Seterstølane og områda rundt er ofte produktive areal som gjennom år med kultivering og beiting blir høgt verdsett av beitedyra. Når ein forsterkar det naturlege beitetrykket med å plassere ein saltein tett inntil, vil dette kunne auke eventuelle ulemper for dei med seter eller hytter ved sidan av.

Framlegg til uttale:

Fjellstyret meiner at salting av lausfe skal skje i god avstand frå seter- og hytteområder og vil ikkje tilrå at det blir gjeve løyve til plassering av saltsteinautomat med inngjerding slik det er søkt om.

Fjellstyret meiner at ein slik praksis er uvanleg, og at salting vanlegvis blir gjort lenger til fjells med ynskje om å halde lausfeet ifrå bebygde områder, parkeringsplassar, bilveger med mykje trafikk m.m.

Fjellstyret stiller seg positive til at Såleggen beitelag får løyve til å sette opp saltsteinautomat med gjerde, men at denne da blir plassert med god avstand til seterområdet i Sålell.

Vedtak:

Som framlegget.
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Soleggen beitelag – som e-post
- Synnøve Grjotheim, Øyvind Bakke og Thorleif Mork – som e-post
- Statskog SF – som e-post

Sak nr.:	33/2021	Arkiv nr.:	362.2	Møtedato:	28.06.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Uttale. Søknad om bygging av veg til hytte i Sålell.

Sakspapir:

- E-post frå Statskog SF sendt 28. september 2020. Uttale til søknad om bygging av veg til hytte med feste nr. 155/1/164 tilhøyrande Kjell Haukdalen.

Møtebok – Lom fjellstyre

Saksutgreiing:

Med e-post 28. september har Statskog SF bede om fjellstyret si uttale til bygging av veg til hytte tilhøyrande Kjell Haukdalen med feste nr. 164 i Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

I søknaden går det fram at Haukdalen ynskjer å byggje veg med bakgrunn behov for restaurering og mogleg påbygg av hytta. Det er lagt ved ei kartskisse og bileter som syner ynskja trase. Veggen er om lag 30 meter lang, med ein høgdeforskjel på om lag 10 meter.

Fjellstyret var i saman med Statskog SF, kommunen og tiltakshavar på synfaring den 21. juni. Tiltakshavar la fram behovet for ein veg i samband med ynskt restaurering av hytta. Det vart sett på alternative trasear for opparbeiding av ein midlertidig tilkomstveg.

Opplysningar og merknader:

Denne hytta vart oppført før fjellova trådde i kraft, og er difor ei av dei få hyttene som har eit avgiftsfritt feste. Desse festeavtalene gjev eigaren rett til å ha hytta ståande utan at det blir svara festeavgift, men har strenge vilkår for endring, tilbygg m.m.

Dersom det er ynskjeleg med tilbygg eller utviding, så krevst det vanlegvis ei statusendring til fritidshytte. Anlegging av veg er ikkje nemnd i festekontrakta, men det er naturleg å tenke at bygging av ein permanent veg krev statusendring til fritidshytte.

Slik saksbehandlar forstår søknaden er det i fyrste omgang spørsmål om å anlegge ein midlertidig veg i samband med restaurering av hytta. Fjellstyret må vurdere om dei meiner eit slik tiltak ligg innanfor begrepet «nødvendig vedlikehald» knytt til bygningar på avgiftsfrie fester.

Slik det vart vurdert på synfaringa er det lite aktuelt med transport på vinterføre, hytta ligg bratt til, med vanskeleg tilkomst vinterstid. Eit kjørespor, eller midlertidig veg med minimale inngrep, er truleg nødvendig for å kunne frakte ut og inn material i samband med restaurering.

Dersom det skal byggast permanent veg eller førast opp tilbygg så vil det truleg krevje statusendring til fritidshytte. Ein søknad om statusendring må i tilfelle vurderast strengt opp mot presedens i liknande saker. Mange av dei avgiftsfrie hyttene er enten naust eller steinbuer som ligg langt til fjells, der det er lite yskjeleg med tilbygg og utviding. Denne hytta er slik sett i ei særstilling, og ligg i ei setergrend som har fleire andre fritidshytter.

Forslag til uttale:

Fjellstyret tilrår at det i samband med restaurering eller byggjeløyve blir gjeve løyve til motorferdsel i utmark, og at det kan opprettast eit mellombels kjørespor eller veg, der ein nyttar så små inngrep som råd for å kome fram med traktor eller anna egne kjøretøy.

Kjøresporet bør leggast opp langs bekken på austsida av hytta, slik at ein unngår større skjeringar og mykje masseforflytting.

Møtebok – Lom fjellstyre

Dersom det blir søkt om tilbygg, eller at det blir søkt om permanent veg, meiner fjellstyret at det det trengst ei statusendring til fritidshytte.

Vedtak:

Lom fjellstyre gjev slik uttale til søknad om bygging av veg til hytte i Sålell:

Fjellstyret tilrår at det i samband med restaurering eller byggjeløyve blir gjeve løyve til motorferdsel i utmark, og at det kan opprettast eit mellombels kjørespor eller veg, der ein nyttar så små inngrep som råd for å kome fram med traktor eller anna egna kjøretøy.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Lom kommune – som e-post
- Kjell Haukdalen

Sak nr.:	34/2021	Arkiv nr.:	335.1	Møtedato:	28.06.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad om restaurering og fasadeendring av fjøs på sætra til Soglo.

Sakspapir:

- E-post frå Statskog SF sendt 2. juni 2021. Oversending av sak til behandling: Søknad om restaurering og fasadeendring av fjøs på seter med feste nr. 155/1/178.
- E-post frå Øystein Fosstuen sendt 6. juni. Supplerande opplysningar til søknad.
- E-post frå Statskog SF sendt 24. juni. Uttale til søknad om restaurering og fasadeendring av fjøs.

Saksutgreiing:

Med e-post 2. juni har Statskog SF vidaresendt byggesøknad frå Kolbjørn Soglo om restaurering og fasadeendring på fjøs tilhøyrande setra til garden Soglo med feste nr. 155/1/178 for behandling etter seterforskrifta.

Av teikningane vedlagt byggesøknaden går det fram at eigar ynskjer å endre takvinkel frå 36 grader til 26 grader og erstatte eksisterande vindauger og gluggar med 4 vindauger i størrelse 120x80cm. Det er ikkje søkt om endring i størrelse eller bruksformål.

Etter spørsmål frå saksbehandlar har Øystein Fosstuen har på vegne av eigar i e-post 6. juni kome med supplerande opplysningar til søknaden, der det går fram at eksisterande hus er i svært dårleg forfatning, og at eigar har behov for eit hus der beitedyr kan kome inn. Om behovet for luftepipe og fleire glas blir det grunngjeve slik:

Møtebok – Lom fjellstyre

«Fjøset har i dag to store vindauger i båe gavlveggar, samt to gluggar på eine langveggen. Det blir da same antalet som er på ny fasadeteikning. Vil anslå at dei eksisterande vindauga i gavlane er dobbelt så store som dei nye på teikningane. Når det gjeld pipe så er det tenkt som ei luftepipe til eit toalett inne i eine delen av fjøset. I staden for å ha ei stålrøyr over tak vart det teikna at pipa skal forblendast med naturstein. Det er heller ikkje eit ukjent fenomen at fjøs er utstyrt med pipe/luftepipe, da denne tradisjonen har eksistert i ulike delar av landet i nokre hundre år.»

Fjellstyret var i saman med Statskog SF, kommunen og tiltakshavar og ansvarleg søkjar på synfaring 21. juni.

Statskog SF har med e-post 24. juni kome med fylgjande uttale:

«Statskog har ikke innvendinger til at fjøset restaureres. Vi ber fjellstyre ta en vurdering om behovet for pipe, og om denne eventuelt kan erstattes med en enklere installasjon som kan fungere som lufteluke slik det ble drøftet på befaring.»

Opplysningar og merknader:

Sentralt for fjellstyret i saker som dette, er at dei skal vurdere behovet for hus, kor mange hus som trengst, storleiken på husa, og standarden eller anna, og kan setje vilkår for utvidinga og endringa jf. § 10 i seterforskrifta. Dette gjeld både ved nybygg, tilbygg og ved endring av eksisterande hus på seter.

Med omsyn til tida og tilhøva, og til dagens standard og behov, er det sikkert behov for, og nødvendig med ein del grep for å hindre forfall og å oppgradere standarden på seterfjøset. Brukaren ynskjer å kunne stelle fjøset slik at beitedyr kan kome inn. Det vart på synfaringa opplyst at det var planlagt ei omlegging av drifta, som vil gje større behov for eit uthus og ein plass der beitedyr kan kome inn.

Takvinkelen på det eksisterande huset er uvanleg for byggeskikken i våre område, den omsøkte endringa vil vera meir i tråd med tradisjonelle byggestilen. Større vindauger på seterfjøs var ikkje vanleg på fjøs eller uthus i tidlegare tider, og vil ofte kunne gje seterbygningar eit meir hytteprega uttrykk. Samstundes må det påpeikast at det etter tida og tilhøva er endra krav både til ljossinnslepp- og arbeidstilhøve, rømningsvegar m.m. i driftbygningar brukt i landbruket. Vindauga er tenkt i størrelse 120x80 og er slik sett eit betre alternativ enn større og meir firkanta utforming.

Luftepipe som er forblenda med naturstein bør fjellstyret vere forsiktig med å gje løyve til. Dette er ikkje i tråd med tradisjonell byggeskikk og vil gje fjøset eit meire hytteprega uttrykk. Det er vanskeleg å sjå at det er naudsynt med ei steinforblenda pipe for den bruken som er tenkt. Nødvendig lufting bør løysast på ein måte som ikkje kan forvekslast med ein skorstein for eldstad.

Fjellstyret skal føre kontroll med at bygningar på seter blir brukt i tråd med utvisning og omsøkt formål. Om eit hus er tilrettelagd med eldstad er i mange tilfeller avgjerande for eventuell bruk til opphald og overnatting. Å opne for steinforblenda piper på fjøs og uthus, vil gjere tilsyn- og kontroll med bruken meire krevjande.

Møtebok – Lom fjellstyre

Saka har ikkje vore lagt fram for dei regionale kulturminnestyresmaktene, så fjellstyret må ta atterhald om godkjenning av ombygginga frå desse, samstundes med atterhald om godkjenning frå dei kommunale bygningsmyndigheitene.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret stiller seg positive til at fjøset blir restaurert og teke i bruk og gjev med vilkår og atterhald, med heimel i §10 i seterforskrifta, løyve til restaurering og fasadeendring av seterfjøset til Soglo, slik det er søkt om.

Fjellstyret stiller som vilkår at nødvendig lufting for toalett blir ført ut gjennom vegg, forblenda i tre eller utført på ein måte som gjer at det ikkje kan forvekslast med ein skorstein for eldstad.

Fjellstyret tek atterhald om at regional kulturminnestyresmakt ikkje har innvendingar til tiltaket. Det må vidare innhentast løyve til bygginga frå dei lokale bygningsmyndigheitene.

Behandling:

Saka blir utsett.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Kolbjørn Soglo – som e-post
- Statskog SF – som e-post
- Lom kommune – som e-post